



# Månadsbrev august 2013 Blomane

## Velkomne til eit nytt barnehageår!

---

Nå har me alt vore i gang eit par veker og me har det veldig gildt i lag! Nye barn held på å verta kjende med dei andre barna og med oss vaksne.

Me har 6 heilt nye barn i haust:

*Amalie, Andreas, Ann Helen, Kristine, Ruben og Thomas.*

Så har me 9 barn som kjem ifrå Stjernene (3-års-avd):

*Johannes, Lars O, Lea, Lilly, Malin, Noah, Sarah, Sunniva og Teoline.*

Desse barna som er «gamle» og godt kjende på Blomane:

*Aslak, Astri, Elias, Ingvald, Lisa, Ludvig, Marley, Ole Gabriel, Selma Olava, Steinar, Tilla og Vegard.*

- Tema for august er «**Tilvenning og venskap**». Målet er at «Barna skal oppleve trygghet og tilhørighet, etablere gode relasjonar og oppleve seg sjølv som verdifull i fellesskapen». Me har fokus på temaet gjennom heile dagen. I samlingane brukar me bøker, songar, leiker og ikkje minst samtale med barna. Gode samtalar har me òg ofte under måltidet.
- Barnehagen har òg gjennom heile året fokus på **Høflegheit**, og har sett opp ein plan for det. I august øver me på God morgon, Takk for i dag/Hadet/God helg.
- **Blomane** er namnet på avdelinga vår, og denne månaden vil me læra litt meir om blomar. Studera nokre på nært hold, og læra nokre namn. I forminga vil me og fokosera på blomar.

*Me minnar om at det kun er dei vaksne som har lov å opna og lukka porten. De må heller ikkje løfta barna over gjerdet.*

Me ser fram til ein god haust i lag med barna dykkar. Likeeins med dykk foreldre. Den daglege dialogen ved levering og henting er viktig for oss alle.

Helsing Margaret, Heidi, Valbjørg, Dorthea, Kari og Berit

*Barnehagens visjon:*

*KJÆRLIGHET, OMSORG, TRYGGHET OG GLEDE. UNDRING, NYSGJERRIGHET  
VOKSNE TIL STEDE.*

Mobilnr. til Blomane: 474 65571